

Flora blir vertskommune for nytt kommunesamarbeid:

Får barnevernsvakt

FLORØ: Eit interkommunalt samarbeid om ei ny barnevernsvakt er på trappene, og Flora blir vertskommune.

LINDA REGINA BRUVIK
linda@firdaposten.no
99 42 52 66

Det har no komme eit statleg krav til kommunane om tilfredsstillande akuttberedskap i barnevernet utanom kontortid. Mellom anna for å kunne gi politiet hjelp og støtte i saker som involverer barn.

Det er ikkje mogleg for alle kommunar å ha ei døgnopen barnevernsvakt med spesialisert kompetanse som raskt kan rykke ut. Difor har ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Flora, Førde, Naustdal, Jølster og Gaular saman laga eit framlegg til ei felles løysing, med Flora kom vertskommune.

Arbeidsgruppa har tilrådd ei ordning med telefonvakt, der tilsette frå dei deltakande kommunane byter på å ha beredskapsvakt, i tillegg til at det vert etablert ei ringeliste bestående av erfarne barnevernstilsette ein kan søke råd og hjelp hos.

- Jobba mykje med det

- Vi har jobba godt og mykje med denne saka, informerte kommunalsjef Norunn Stavø politikarane i Levekårsutvalet i Flora om denne veka.

- Det var i utgangspunktet eit SIS-prosjekt. Men så blei Vågsøy med, på grunn av kommunesamanslåinga. Så ville Bremanger kommune også vere med. Og no bankar HAFS på døra og vil inn, fortalde Stavø til politikarane.

Saka vart samrøystes vedte-



VERTSKOMMUNE: Flora blir vertskommune for eit nytt interkommunalt samarbeid om barnevernsvakt, fortel kommunalsjef Norunn Stavø.

FOTO: LINDA REGINA BRUVIK

ke i Levekårsutvalet i Flora, og går no vidare til formannskapet og bystyret. Den er også vedteken i Levekårsutvalet i Førde, ifølgje Firda, og i Samarbeid i Sunnfjord (SIS).

Vaktordning

Samarbeidskommunane skal delta personale inn i vaktordninga, fordelt etter folketal. Flora og Førde skal ha to kvar, Naustdal, Jølster, Gaular og Bremanger ein kvar og HAFS-kommunane to personar.

Ordninga skal settast i verk

snarast, og etter planen innan 1. januar 2018. Beredskapsordninga skal evaluerast innan tre månader, deretter innan 31.12 kvart år. Ein skal også vurdere den spesielt før dei nye kommunesamanslåingane trer i kraft.

Vertskommunen har ikkje økonomisk ansvar for lønn og andre utgifter til samarbeidskommunane. Kvar kommune lønar sine tilsette som har vakt etter same lønnsvilkår. Når vakta vert oppringt er det også den kommunen der vakta er

som betaler overtidsløn.

Føremålet med samarbeidet er å oppfylle kommunane sitt ansvar overfor innbyggjarane i høve barnevernsvakt. Vertskommunen har ansvar for å utarbeide rutinar med avklaringsgjør når det er behov for akutt-plassering.

Kompetansemidlar

Vertskommunen har også ansvar for fordeling av kompetansemidlar og annan økonomi som den interkommunale bar-

nevernsvakta rår over, og er ansvarleg for å søke midlar som vert tilgjengeleg i samarbeid med dei andre deltakarkommunane.

Førebels har ein fått 392.000 kroner i midlar til opplæring frå Fylkesmannen, i tillegg til at Vågsøy og Bremanger har søkt om egne kompetansemidlar.

Den kommunen som barnet bur i vil vere juridisk og økonomisk ansvarleg for alle vurderingar og tiltak gjort i regi av beredskapsvakta.

Miljøgifter på avvege i Flora?

FLORØ: Vestlandsforskning har funne mange nye plassar i Flora der miljøgifter kan ha leke ut i grunnen.

DAVID E. ANTONSEN
david.antonсен@firdaposten.no
947 80 313

Sjølvs om det finst miljøgifter i grunnen i alle norske kommunar, er svært få av desse registrert i databasen «Grunnforureining», og på den måten kjend for miljøstyresmaktene.

Frå før var 11 plassar med miljøgifter registrert i Flora kommune. I ein ny gjennomgang i regi av Vestlandsforskning, vart det registrert heile

40 nye slike stader der miljøgifter kan ha leke ut i grunnen eller til sjø i kommunen.

Dette stadfestar Torunn Hønsi ved Vestlandsforskning. Forskningsprosjektet ho har vore med på, Toksklin, har kartlagt miljøgiftkjelder i tre tilfeldig valde kommunar; Odda, i Stryn og Flora. Målet er å gje kommunane kunnskap om kor miljøgiftene ligg, for å gjere dei i stand til å ta grep.

Alle båthamnene

- Vi kartla alle småbåthamnene, alle bilverkstadene, bensinstasjonane, kjende, ulovlege dumpeplassar for avfall båtverkstader, skytebanar, gartneri og planteskular. Her mistenker vi forureina grunn,

seier Hønsi men strekar samstundes under:

- Det er viktig å påpeike at det er mistanke om forureina grunn. Vi har ikkje teke fysiske prøvar, eller kartlagt kva miljøgifter det kan vere snakk om eller i kva konsentrasjonar. Det kjem i neste fase. Samstundes veit vi av erfaring frå andre anlegg, at desse typar næring eller aktivitetar ofte fører med seg forureining. Og mange av stoffa blir ikkje brote ned i naturen, seier Hønsi.

Ho ønsker å få på plass eit hovudprosjekt med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen der ein går meir i djupna på konsentrasjonen av miljøgifter, og der ein tek fysiske prøvar av grunnen.

Flora kommune var sjølv

med under kartlegginga i kommunen, og var ifølgje Hønsi veldig interessert i å vite meir om utslepp av miljøgifter.

Ikkje vurdert

Miljørådgjevar Kaja Standal Moen seier til Firdaposten at ho har teke imot rapporten, men at dei førebels ikkje har vurdert om kommunen skal starte egne, nærare undersøkingar av dei 40 nye funna eller ikkje.



FORSKAR: Torunn Hønsi ved Vestlandsforskning

Høgres Frida Melvær om nedgang i fråværet i vidaregåande: skule:

-Krav er å bry seg

FLORA: Fråværet i vidaregåande skule stuper. – Det er svært gledeleg, særleg for elevane.

ARVE OLAV SOLBAKKEN
redaksjon@firdaposten.no
911 77 331

Det seier stortingsrepresentant Frida Melvær (H).

Ho viser til at reglane er innført for elevane og deira eigen framtid. Ho meiner at ferske tal frå Utdanningsdirektoratet syner liten tvil om att fråværgrensa har fungert som tenkt.

Opposisjonen, særleg AUF, har argumentert med at reglane er for rigide. AUF-leiar Mani Hussein ville kreve at moderpartiet Ap skulle fjerne den tal-festa grensa for fråvær i skulen. Dei ønskte heller andre tiltak, som å involvere foreldre. Men Ap støtta i staden regjeringa i denne saka.

FLORA VGS

- 2105-2016 - Fråvær 5 dagar og 14 timar
- 2016-2017- Fråvær 4 dagar og 8 timar (Utdanningsdirektoratet)

Enkelte pedagogar hevda at fråværsregelen ikkje slår ut i form av betre læring. Kunnskapsminister Isaksen si innføring av regelen blei av mange skildra som ein lettvinnt «quick-fix» utan dokumentasjon eller pedagogisk underbygging.

Tala sin tale

Frida Melvær meiner at svaret med to strek under er at dagsfråværet har gått ned, timefråværet har gått ned, færre får strykkarakter og færre fell ut av skulen.

I Sogn og Fjordane har dags-



STRENGE REGLAR: Frå og med dette skuleåret kan fråværet til vidaregåande-elevane ikkje overstige ti prosent. Det betyr at om ein er uheldig, kan to dagars fråver gjere til at ein ikkje får karakter. - Suksess, meiner Frida Melvær (H).

FOTO: DAG FRØYEN

fråværet gått ned frå 4 til 3 dagar og timefråværet har gått ned frå 10 til 7 timar.

- Dei endelege tala vi no har fått, slår fast tala frå i sommar. Sogn og Fjordane har levert gode tal også tidlegare, difor er det ekstra kjekt å sjå at gode resultat har blitt enda betre. Det har vore mange kritiske røyster både ved innføring av regelen og undervegs i skuleåret. Eg håpar no at vi kan einast om å skape ro rundt fråværsregelen i resten av forsøksperioden som skal vare i tre år.

Mange var bekymra for korleis grensa ville slå ut for dei

mest utsette elevane. Dei endelege tala viser at ho har fungert bra også for elevar med høgt fråvær. Utsette elevar blir fanga opp tidlegare og får betre oppfølging og hjelp frå skulen.

Verktøy

Fråværgrensa fungerer såleis som eit verktøy for å fange opp elevar tidlegare. For Sogn og Fjordane har tal sluttarar auka litt det siste året og er på 2014/2015-nivå. Fylket ligg likevel langt under landssnittet og det er eg svært glad for.

Høgre og direktoratet presenterer desse tala på landsbasis:

• Fråværet har gått ned med 40 prosent for dagsfråvær og 25 prosent for timefråvær, målt i median.

• Dagsfråværet til dei elevane som er mest vekke frå skulen har gått ned med 30 prosent. Denne elevgruppa utgjør 17 000 elevar, eller 10 prosent av den totale elevmassa.

• Dagsfråværet har gått ned i alle fylke, men nedgangen er størst i Oslo og Finnmark.

• Også timefråværet har gått ned i alle fylka, Finnmark har hatt størst nedgang her.

• Fråværet har gått mest ned på yrkesfag. Her er Dagsfråvæ-

ret halvert, medan timefråværet er redusert med 40 prosent.

• Statistikken viser også ein nedgang i andel elevar som får karakteren 1, som svarar til stryk. Det er i tillegg færre elevar som sluttar i løpet av skuleåret. Frå skuleåret 2015-16 til 2016-17 gjekk andelen elevar som slutta ned frå 4,0 til 3,8 prosent.



ing har kartlagt miljøgift-utslppsstader i Flora.

FOTO: VESTLANDSFORSKING

**SKOGSTAD®
DAGANE**

24-26 NOVEMBER

I SAMBAND MED INNVIKDAGANE!

Fredag	10-21
Laurdag	10-18
Søndag	10-17

ALT SKAL VEKK!

Vi sjåst i Styrkhallen, Innvik